



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Kommunane i Møre og Romsdal v/ barneverntenesta

Invitasjon til kurs for nytilsette i barneverntenesta i kommunane i Møre og Romsdal 5. -7. oktober 2021

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal inviterer nytilsette i barneverntenesta i kommunane til opplæring. Kurset gjev grunnleggjande innføring i praktisk og juridisk barnevernsarbeid og om barnevernet si oppbygging og tiltaksapparat. Det vil bli lagt vekt på deltakarane si forståing av rolla som kontaktperson og barnevernet sitt arbeid frå ein får ei melding til undersøking og oppfølging av tiltak.

Praktiske opplysningar:

Kurset blir halde på Hustadvika Gjestegård, med oppstart tysdag 5. oktober kl. 10.30 og blir avslutta torsdag 7. oktober kl. 15.00. For nærare opplysningar om kursstaden, sjå www.hustadvika.no.

Statsforvaltaren dekker kurs- og opphaldsutgifter. Reiseutgifter må den enkelte barnevernteneste dekke sjølv. Ved manglande oppmøte vil arbeidsgivar bli fakturert for opphaldsutgiftane.

Dersom smittesituasjonen endrar seg slik at vi ikkje kan møtast fysisk, kan kurset bli avlyst/utsett.

Målgruppe:

Kurset er retta mot dei som er nytilsette innanfor den kommunale barneverntenesta dei to siste åra.

Påmelding:



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Det er elektronisk bindande påmelding innan 5. september 2021.

Lenke til påmeldingsskjema: <https://www.statsforvalteren.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/2021/10/nytilsette-i-barneverntenesta-i-kommunane-i-more-og-romsdal/>

Stadfesting:

Du vil automatisk motta ei stadfesting direkte på din epost når påmeldinga er gjort. **Om du ikkje mottek slik stadfesting, er du ikkje blitt registrert som deltakar. Sjekk om du har fylt ut alle felt.**

Det er avgrensa tal på plassar. Dersom det blir fleire påmeldte enn tilgjengelege plassar, vil vi gjere ei fordeling mellom tenestene.

Spørsmål knytt til påmeldinga kan rettast på e-post til fmmrkurs@statsforvalteren.no eller på telefon 71 25 85 05 / 71 25 85 11.

Spørsmål om innhald i kurset kan rettast til Gunn Risan Nakken tlf. 712 58437 eller e-post gurna@statsforvalteren.no

Vel møtt til kurs på Hustadvika!